



Vinnar Næringsprisen 2022  
**Kattnakken AS**



forbetre  
oppnå  
kommunisere  
vekse  
informere  
effektivisere  
bygge  
selge  
**zpirit til å** glede  
digitalisere  
endre  
tilpasse  
skape  
forenkle  
begeistre  
levandegjere  
publisere  
redigere

# Året 2022

## I 2022 var det ut av Pandemien og inn i nye krevjande utfordringar.

Då Russland invaderte Ukraina 24. februar, med påfølgjande sanksjonar mot russisk gass til Europa, fekk dette store konsekvensar for Noreg som energileverandør. Dei auka energiprisane har påverka konkurransekrafta til verksemdene, og saman med andre næringsråd i heile sør-Noreg har Stord Næringsråd tatt til orde for straumstøtte til næringslivet. Framleis er dette ikkje løyst, og dei auka kostnadene for verksemdar med høgt straumforbruk i produksjon av varer og tenester, er svært urovekkande.

Industrien på Stord har fått fleire store kontraktar innan olje og gass marknaden, og ordreserven er større enn på lang tid. «Oljeskattepakken» har gitt god uttelling for industrien, samstundes som det har vore god utvikling i fornybar marknaden. Industrien på Stord og i Sunnhordland ligg langt

framme, og har svært god føresetnad for å lykkast i det grøne skiftet.

Stord Næringsråd er glad for at Samfunnsdelen til kommuneplanen no er vedteke av kommunestyret i Stord, og at arbeidet med Arealdelen no er under arbeid. Stord Næringsråd har spelt inn viktigheita av å tenkje regionalt, og ikkje minst sjå sjøareal mellom kommunane som ein del av «næringsarealet». Me har peikt på at det må arbeidast tettare med omliggande kommunar i Sunnhordland, og at Stord kommune som regionsenter bør ta initiativ til eit felles selskap med nabokommunane med formål om felles arealstrategi, gjerne med ulike lokasjonar for framtidig næringsutvikling.

Styret i næringsrådet har jobba med strategien for korleis vera pådrivar for næringsutvikling og effektivisere for å synleggjere arbeidet, i tillegg til å utvikle rolla som vertskap for attraktive møteplassar for medlemmene. Eit medlemssystem integrert mot ny nettside og

rekneskapssystem kom derfor på plass frå 1. juli, og det gjer god gevinst og kvalitetssikrar det administrative arbeidet i næringsrådet.

Det har i 2022 vore stor aktivitet på arrangementsfronten, med 7 frukostmøter, seminar, vegkonferanse og U37 arrangement. Arrangementa er nærare omtala i årsrapporten.

Rekrutteringsprosessen for ny dagleg leiar til næringsrådet starta etter sommarferien, og styret er svært glad for å ha tilsett Torbjørn Brosvik som ny dagleg leiar i Stord Næringsråd. Han tar over stillinga 1. mai 2023, og det vert ein overlapp med Anne-Grete Sandtorv fram til ferien.

I 2023 kjem Multiconsult inn som ny hovudsamarbeidspartnar, saman med Sparebanken Vest, Aker Solutions, Haugaland Kraft og Renevo.

*Anne-Grete Sandtorv*

**Anne-Grete Sandtorv**  
Dagleg leiar

## VISJON

# SNR skal vera det sjølvskrivne fora for diskusjon av spørsmål som vedkjem næringslivet i Stord

## MÅL

1.

SNR skal vera ein synleg interesseorganisasjon

2.

SNR skal vera talerøyr for næringslivet i Stord kommune

3.

SNR skal arbeida for eit lokalsamfunn med fokus på berekraftig verdiskaping

4.

SNR skal styrkja Stord sin identitet som by, og som handels- og regionsenter

5.

SNR skal driva i økonomisk balanse

# Litt om kvart

161

Medlemmer  
(Pr. 31.12.22)

5

Medlemmer  
går ut

12

Nye medlemmer  
i 2022

Stord Næringsråd har fått 12 nye medlemmer i 2022. Det er 5 medlemmer som går ut. Pr. 31.12.22 var det 161 medlemmer i Stord Næringsråd.



## Styret har i 2022 hatt denne samansetjinga:

### Einar Almås

Sparebanken Vest  
Styreleiar

### Kristine Aarsand Engelsen

W. Engelsen Ettf.  
Nestleiar

### Ingvild Brekke Myhre

Høgskulen på Vestlandet  
Styremedlem

### Øystein Kvalvik

Leirvik AS  
Styremedlem

### Odd Naustdal

Aker Solutions  
Styremedlem

### Randi Beate Hovland

Stord Helsepark  
Styremedlem

### Nina Lovise Langeland

Galleri Giga  
Styremedlem

### Oddvar Hårde

Zpirit  
Varamedlem

### Elisabeth Nonås Fylkesnes

Aktiv  
Varamedlem

Den framlagde resultatrekneskapen og balanse med tilhøyrande noter, gjev etter styret si oppfatning eit korrekt bilete av resultatet i 2022 og den økonomiske stoda ved årsskiftet. Stord Næringsråd har i 2022 hatt fire hovudsamarbeidspartnarar. Resultatrekneskapen syner eit overskot på kr 13.025,-.

I samsvar med rekneskapslova §3-3 stadfestar styret at føresetnaden om vidare drift er lagt til grunn ved utarbeiding av rekneskapen.

Dagleg leiar er tilsett i 100% stilling

Det har vore åtte styremøter i 2022 inkl. strategimøter. Det er i 2022 ikkje utbetalt løn eller honorar til styret.

Arbeidsmiljøet er godt, og det er ikkje rapportert om skader eller ulykker på arbeidsplassen. Selskapet har som mål å vera ein arbeidsplass der det er full likestilling mellom kvinner og menn. Verksemda medfører korkje forureining eller utslepp som kan vera til skade for det ytre miljø.

# Næringsalliansen Vestland 2022

Næringsalliansen Vestland er eit samarbeid mellom 16 næringsråd og -foreiningar i heile Vestland fylke. Gjennom 2022 har det vore gjennomført fem møte i alliansen. To av desse var fysiske samlingar over to dagar, rekkjevis i Odda i januar og på Stord i juni.

## Formål og strategi

Samarbeidsavtalen for Næringsalliansen Vestland slår fast at den skal vere grunnlaget for eit forsterka og inkluderande samarbeid mellom dei private næringsforeiningane i regionen. Avtalen peikar særleg på fire hovudmål:

- Meir kraft i påverknads- og lobbyarbeidet, særleg regionalt og nasjonalt.
- Fellesorganisert talerøyr ovanfor Vestland fylkeskommune.
- Framstå samla i utvalde saker, også som høyringsinstans regionalt og sentralt.
- Utveksling av kunnskap og erfaringar, nettverksdeling.

## Viktige saker i 2022

2022 var eit svært utfordrande år for medlemsverksemdene. Tidleg i året var fleire bransjar framleis prega av koronarestriksjonar, og Næringsalliansen arbeidde i januar aktivt for å oppheve skjenkestoppet i serveringsbransjen. Seinare fekk ein erfare dei langt meir alvorlege konsekvensane av krigen i Ukraina, med ekstreme energiprisar, mangel på arbeidskraft og tilgang på råvarer.

Behovet for auka nettkapasitet og meir fornybar kraft til Vestlandet er framleis ei høgt prioritert oppgåve. Det vert arbeidd målretta med dette i ulike partnerskap og kanalar.

Framlegget til statsbudsjett innebar nye utfordringar på toppen av dette. Planlagde investeringar i samferdsle og infrastruktur er etter handsamlinga

i Stortingets i hovudsak vidareført, men innføring av grunnrenteskatt på havbruk og auka arbeidsgjevaravgift og formuesskatt er svært krevjande for mange verksemdar.

I løpet av året har Næringsalliansen Vestland skrive høyringsuttalar om grunnrenteskatt på havbruk og den fylkeskommunale Regionalplan for senterstruktur og berekraftige lokalsamfunn.

Det er gitt tydelege signal om desse sakene, i form av opne brev og opprop:

- Avslutting av skjenkestopp
- Nødvendige tiltak mot ekstreme energiprisar
- Straumstønad til verksemdar
- Grunnrenteskatt og auka formuesskatt
- Redusert arbeidsgjevarperiode ved sjukefråver

Det er òg skrive støtteerklæringar til Den norske filmkommisjonen (filmintensivordninga) og Stord lufthamn.

## Aktiviteten i Næringsalliansen

Det einskilde næringsråd og -foreining i alliansen har naturleg nok prioritert sine respektive medlemsverksemdar og utsette bransjar med slike rammevilkår. Næringsalliansen Vestland har på samme tid vore aktiv og involvert i ei rekke samanhengar.

«Grøn Region Vestland» er ein brei partnerskap, der Næringsalliansen og NHO Vestlandet er viktige representantar for næringslivet. I påvente av tilsetjinga av ein dagleg leiar, har ei prosjektgruppe tatt ansvar for framdrifta, og her har

Næringsalliansen vore representert. Vi har òg ein plass i Næringsforum Vestland, det overordna styringsorganet for Grøn Region Vestland.

Havbyen Bergen vart etablert i 2022. Saman med Bergen kommune og Vestland fylkeskommune står meir enn 40 private og offentlege partnarar, mellom anna Næringsalliansen Vestland. Målet er å fremje samarbeid og styrke posisjonen til heile regionen, nasjonalt og internasjonalt. Den viktigaste oppgåva til alliansen i denne samanhengen er å forankre prosjektet i regionen som Bergen er ein del av. Det er nedsett fleire arbeidsgrupper, og Næringsalliansen har plass i éin av desse.

I januar var Næringsalliansen samla i Odda. Den krevjande kraftsituasjonen var eitt av flere tema som vart drøfta, men òg potensialet i «Hardanger Hydrogen Hub», eitt av dei prioriterte prosjekta i Grøn Region Vestland. Ei samling i juni tok utgangspunkt i potensialet og utfordringane for næringslivet på Stord. På begge samlingane vart det sett av tid til å møte verksemdar og organisasjonar.

Gjennom året er det gjennomført fleire medlemsundersøkingar. Det er svært viktig at desse er representative for verksemdar i heile fylket, og det har òg gitt gjennomslag i pressa.

Bergen Næringsråd fungerer som administrativ ressurs for Næringsalliansen. Verksemda er i hovudsak finansiert gjennom medlemskontingent. I 2022 har Næringsalliansen òg fått økonomisk stønad frå Sparebanken Vest.

## Næringsalliansen i Hordaland er samansett av desse 16 næringsforeiningane:

Bergen Næringsråd, Askøy Næringsråd, Austevoll Næringsråd, Bjørnafjorden Næringsråd, Bømlo Næringsråd, Fikse Næringsforening - Etne og Vindafjord, Hardanger Industri, Kvam Næringsråd, Kvinnherad Næringservice, Nordhordland Næringslag, Osterøy Industri- og Næringslag, Sogn og Fjordane Næringsråd, Stord Næringsråd, Tysnes Næringsråd, Vaksdal Næringssselskap og Vest Næringsråd.

16. juni - 2022

# Stordkonferansen

Stordkonferansen 2022 hadde tittelen Nye Energiformer. Her vart framtidens energimiks presentert og drøfta, og korleis overgangen frå olje- og gass ville bli løyst via installasjonar på sokkelen om nokre år. Leverandørindustrien vil ha ein viktig rolle for å løysa energibehovet, og for verdiskapinga og ny eksport. Det var heile 150 deltakarar på Stordkonferansen 16. juni på Stord Hotell.

Sustainable Energy Katapultsenteret utfordra deltakarane til å testa katapulten i hamnebasenget. Sporty kvinner og menn lot seg ikkje skremma, men tok utfordringa frå Willie Wågen og hans tropp.



Kveldsarrangementet var SKL og Haugaland Kraft vertskap for. Etter ein kort båttur med MS Sunnhordland, gjekk me i samla flokk til SKL sine lokale i Leirvik sentrum, kor me fekk servert underhaldning og god mat og drikke. Nettverk U37 v/ Christian Myklebust intervjuar direktørane Olav Linga og John Martin Mjånes i avslappa stil på scena.




## Ny nettside og medlemssystem

Den nye nettsida og medlemssystemet til dcode vart tatt i bruk og vart lansert i starten av august. Medlemsdatabasen fungerer som grunnlag i andre delar av systemet for å sleppe dobbeltregistrering, og det er svært effektivt for fakturering av medlemskontingent og andre avtaler.

God integrasjon med regnskapsprogrammet PowerofficeGo, kvalitetssikrar og sparar tid til administrasjon.

Den nye nettsida er integrert med medlemssystemet, og nyhendebrev samt invitasjonar og påmelding til arrangement fungerer veldig bra.



## Ny dagleg leiar er tilsett frå 1. mai 2023

Rekrutteringsprosessen med å få på plass ny dagleg leiar starta etter ferien, og det styreleiar Einar Almås leia tilsetjingsutvalet kor Nina Lovise Langeland og Oddvar Hårde var

med. Madsen og Brekke AS fekk oppdraget, og det var godt tilfang av kvalifiserte søkjarar. Styret er svært nøgd med å få Torbjørn Brosvik på plass som ny dagleg leiar.

Torbjørn, som er utdanna siviløkonom kjem frå leiarstilling i Statens vegvesen. Han er svært motivert, og gler seg til å ta fatt på jobben som dagleg leiar i mai.



STORD NÆRINGSRÅD

## Nettverk U37 er i godt driv og bidro sterkt både på Stordkonferansen og årsfesten. Dei hadde eige arrangement på Stord Hotell den 17. november med foredrag og vinsmaking.

Nettverk U37 har som mål å skape ein god arena for sosialt samvær, nettverksbygging og oppdatering på kva som skjer på Stord.

Arenaen skal vera for alle aktive, samfunns- og næringslivsinteresserte på Stord.

Her skal ein få oppdatering på kva som skjer på Stord, knyte kontaktar og byggje relasjonar - på tvers av fag og bransjar. Dette vil gje overføringsverdi mellom bransjane, og gje moglegheit for å dela kunnskap og erfaringar.

I tillegg skal Nettverk U37 vera stemma til dei unge vaksne i Stord Næringsråd, og på denne måten ha moglegheit til å påverka utviklinga i næringslivet på Stord. Nettverk U37 vert styrt av ei styringsgruppe på inntil 8 personar frå ulike bransjar. Utsiftinga skjer ved fylte 38 år, og resterande gruppemedlemmer skal då foreslå ny kandidat, som skal veljast av gruppa.

### Desse er med i styringsgruppa for Nettverk U37:

**Elisabeth Nonås Fylkesnes**  
Aktiv Eiendomsmegling - leiar

**Stina Skeie**  
Multiconsult

**Øyvind Kyvik**  
Aker Solutions

**Øyvind Randa Heggland**  
Sustainable Energy

**Berit Haga Vikanes**  
ABO Plan & Arkitektur Stord

**Christian Myklebust**  
DNB

**Hege Aas Vad**  
Renevo

Ta kontakt med desse om du vil verta ein del av Nettverk U37.

27. oktober - Ut på tur, aldri sur!

# Årsfest i Lavvoen

Ein forventningsfull og glad gjeng møtte opp i skogen på Tveita. Her vart dei ønska velkommen av Nettverk U37, som stod klar med konkurransar og kjekke aktivitetar. Lavvoen lyste som ei lykt i haustmørket, og baud på nydeleg turmat frå Urt & Ugras, fantastisk stemning og Arne Torget i

storslag. Utdeling av Næringsprisen i samarbeid med Sparebanken Vest toppa også denne årsfesten. Vår kjære konferansier presenterte dei tre finaliatane i verseform. Aritech, Åtgaum og Kattnakken vart alle heidra, men Kattnakken vart ståande øvert på pallen.



## Næringsprisen 2022

### Kattnakken AS

ved Silje Vatne Ersland

”

Næringsprisen 2022 er tildelt Kattnakken AS ved Silje Vatne Ersland med følgende grunngeving;

Silje Vatne Ersland har gjennom sitt design av Kattnakken regnklede skapt ei sterk merkevare og eit lite kleseventyr på Stord.

Silje er eit strålende eksempel på ein gründer med fast tru på eigen idé - ho er modig og har bygd Kattnakken stein på stein. Verksemda har vakse raskt og er mellom anna kåra til Gasselverksemd fire år på rad.

Kattnakken sine vasstette regnklede for born, kor designet kvart år har eigne tema, gjer det til ein fryd å vera ute i skikkeleg vestlandsvær.

Kvalitet og berekraft er særst viktig for Silje, og hos Kattnakken kan du no også kjøpe brukte regnklede.



*Banksjef Svein Ottesen (frå v.) – Sparebanken Vest, saman med Silje Vatne Ersland i Kattnakken AS*



# Frukostmøta

- vår faste møteplass for påfyll og relasjonsbygging

**12.  
mai**

Ka bala du med? I overkant av 30 deltakarar fekk presentert 3 ulike bedrifter av Stord Næringsråd sine medlemmer. Stord Helsepark, Print & Ramme og Winntech AS er alle tre spanande bedrifter på Stord.

**8.  
september**

Saman med vår hovudsamarbeidspartnar Aker Solutions samla me rundt 90 medlemmer til frukost og presentasjon av aktiviteten ved verftsdirektør Arve Kleppe. Det er svært gode utsikter for Aker Solutions, og for tida er det Johan Castberg som gjer mest arbeid på Stord.

**29.  
september**

Sparebanken Vest sitt årelege frukostmøte samla rundt 80 deltakarar, og me vart betre kjent med den nye konsernsjefen Margunn Minne. Valuta og rentemeclar Remy Bilsback meinte rentetoppen var nær føreståande og kom innan nyttår.

**25.  
oktober**

– inviterte me til frukostmøte saman med Statens vegvesen – Dei ønska innspel til korleie me i framtida kunne krysse Bømlafjorden. Det er i etterkant sett med ei referansegruppe for dette arbeidet, kor mellom anna Stord Næringsråd vil delta.

**17.  
november**

– var det frukostmøte med KPMG. Her fekk me presentert endringane i statsbudsjettet og endringar i skattereglar og endra rammevilkår frå 2023. I tillegg fekk me presentert Adecco Select ved Nina Østensjø.

**8.  
desember**

– var det årlege frukostmøte med Haugaland Kraft . Dei rundt 40 framømte fekk møte den nye konsernsjefen Pablo Barrera, Stein Inge Morisbak direktør for Haugaland Kraft Energi og Mariann Salvesen som er direktør for Haugaland Kraft Fiber. Haugaland Kraft er i dag eit konsern med omlag 550 tilsette, og ei av dei største lærebedriftene på Haugalandet.

**15.  
desember**

Heile 105 representantar frå våre medlemsbedrifter deltok på frukostmøte med dei store industribedriftene våre – Her fekk me synleggjort nye grøne prosjekt frå Aker Solutions, Leirvik AS og Wärtsilä Norway. Det er imponerende mykje som skjer på Stord og i regionen, og ambisjonsnivået er høgt for å bidra til Stord kommune sin Nullutslppsvisjon i 2030.

11. februar

## Lunsjseminar saman med Kyrkja og HVL

Saman med Kyrkja og HVL inviterte me til lunsjseminar kor lønnsam næringsverksemd og grøn maritim skipsfart vart presentert.

28. mai

## Opning av RENEVO sitt biogassanlegg

Statsminister Jonas Gahr Støre opna RENEVO sitt biogassanlegg på Stord – RENEVO inviterte til ein flott konferansedag for eigarar, kundar, leverandørar og samarbeidspartnarar.



22. september

## Ei ny klynge er etablert

Dei hadde sitt første arrangement i Kunnskapshuset med tema Droner. Initiativtakarane bak Tech Cluster West er Mats Tonning og Børge Kvamme (iteam AS), Tor Gjøsæter (Ilder AS), Knut Eide Løkhammer (Group M), .

18. oktober

## Seminar om Offentlege anskaffingar

18. oktober arrangerte Stord Næringsråd, Bømlo Næringsråd, Atheno og Sunnhordlandsrådet seminar om Offentlege anskaffingar. Kor ligg begrensingane og kor ligg moglegheitene for lokalt næringsliv? Kommunar og Fylkeskommune må nytta innkjøpsmakta på ein klok måte for å skape eit berekraftig næringsliv.



21. oktober

## Innsamlingsaksjon

Ordførarar og Næringsråd frå heile Sunnhordlandsregionen jobba saman med TV-aksjonen, og «ringte inn» kr: 322.400,- til «Leger utan grenser» sitt livreddande arbeid.

1. november

## Bransjeseminar

1. november arrangerte me saman med BDO, som ein av våre samarbeidspartnar bransjeseminar for Bygg- og anleggsbransjen. Ein fersk bransjeanalyse vart lagt fram, med spesielt fokus på vekst, lønnsemd og konkurranseforhold for byggenæringa

10. november

## Vegkonferansen «Det Nye Vestlandet»

Vegkonferansen «Det Nye Vestlandet» vart arrangert for tredje gong i samarbeid med Hordfast AS, Rogfast og næringsråda i Stavanger, Haugesund, Stord og Bergen. Det var stor oppslutnad om konferansen som spesielt la vekt på betydinga ein ferjefri E39 mellom Bergen og Stavanger vil ha å sei for næringslivet.

# Medlemmer

ABB STORD  
ABO PLAN & ARKITEKTUR STORD AS  
ADECCO NORGE AS  
ADVOKATKONTORET SUNNHORDLAND AS  
AIJOB AS  
AKER SOLUTIONS  
AKIRO AS  
AKTIV EIENDOMSMEGLING  
AKTIMED HELSE AS  
AKTUM EIGEDOM AS  
ALDE AKVA AS  
ALLIANCE+ AS  
ALMAAS HOTELL STORD AS  
AMFI STORD SENTERFORENING  
ARITECH AS  
ASSIST HAUGESUND AS  
ATEA AS  
ATHENO AS  
AZETS INSIGHT AS avd. Bømlo  
BAKERIET FRUGÅRD  
BAKER HUGHES  
BDO AS AVD. STORD  
TORE M BJELLAND  
BK MARINE AS  
BRALUNSJ AS  
BREEZE SHIP DESIGN AS  
BRILLERIET AS  
BYPASS SKREDSIKRING AS  
BYRÅET DESIGN & PROFILERING AS  
COAST APARTMENT AS  
COGNIZANT  
COLLECTIA AS  
CONTESTO AS  
DNB BANK ASA  
ECIT STORD AS  
ELDØYANE NÆRINGS-PARK AS  
ELIE VERKSTAD AS  
W. ENGELSEN ETTF AS  
ENGEVIK BYGGSENTER AS  
ERKO SETTEFISK AS  
EY SKYE CONSULTING  
FORMUE NORGE AS  
FOTOGRAF ØYVIND HJELMEN  
FRAMCOM AS  
FRONTA AS - FRONTAGRUPPEN  
FUNKWORKS AS  
FYLKESNES BIL AS  
JOHN FØRLAND  
GALLERI GIGA  
GANMLE FENGSELET KULTURHOTELL AS  
GENIE AS  
GB STORD AS  
GROV FORSKALING AS  
GROV GRASKLYPP AS  
HAGA MAT AS  
HATLEVIK AS – STORD CONSULTANTS  
ODD HANSEN PROSJEKT AS  
HAUGALAND KRAFT AS  
HAUGALAND TAXI AS  
HEIANE BIL AS  
HEIANE STORSENTER DRIFT AS  
HSO - HAUGALAND & SUNNHORDLAND  
- OPPLÆRINGSKONTOR FOR ELEKTROFAG  
HYDROGEN SOLUTIONS AS  
HØGSKULEN PÅ VESTLANDET  
IBOX  
IF SKADEFORSIKRING  
INGENIØR ØYVIND JØRGENSEN AS  
INTEROPTIK SELE AS  
INVIA AS  
ITEAM 2 AS  
KATTNAKKEN AS  
KINNARPS AS avd Bergen  
KLEIVO HOLDING AS  
KONTADO AS  
KPMG AS  
KUNNSKAPSHUSET AS  
MAGNE LANGÅKER, FOTOGRAF  
LANGLI TAKST AS  
LEARNTOFLY.NO




Foto: Tor Røeiser

LEIRVIK AS  
LEKENDELETT.NET - KJETIL FYLLINGEN  
LINK ARKITEKTUR  
JON LUND  
LAASTAD PLUSS & MINUS AS  
MARITIME CLEANTECH  
MEDIHUSET SUNNHORDLAND  
MILES STAVANGER AS  
MS SUNNHORDLAND  
– HSD SUNNHORDLAND DRIFT AS  
MULTICONSULT  
NAV ARBEIDSLIVSSENTER HORDALAND  
NAV SUNNHORDLAND  
NITO NORD-ROGALAND OG SUNNHORDLAND  
NOBEL MOTE AS  
NORCE NORWEGIAN RESEARCH CENTRE AS  
NORENGROS K.J.BRUSDAL AS  
NORSEA LOGISTICS AS  
NUEN  
OPERO AS  
OSEN STORD AS  
GUNVALD OTTESEN  
PRINT OG RAMME AS  
RAGN SELLS AS  
RENEVO  
RESPONSA  
SAGVÅG APOTEK AS  
SALT SHIP DESIGN  
SKAG DESIGN  
SKJÆRGÅRDSERVICE AS  
S. KNUDSEN HOLDING AS  
SPAREBANKEN VEST  
SPAREBANK 1 SR-BANK, Stord  
STOMAS AS  
STORDING AS  
STORD ANLEGG AS  
STORD CONSULTANTS AS  
STORD EIENDOM  
STORD ENGINEERING AS  
STORD FOLKEHØGSKULE AS  
STORD HELSEPARTK  
STORD HOLDING AS  
STORD HOTELL AS  
STORD INNKVARTERING  
STORD KOMMUNALE EIGEDOM AS  
STORD KOMMUNE  
STORD KONFERANSESENTER/VEVOS AS  
STORD MOBILKRAN AS  
STORD VIDAREGÅANDE SKULE  
STORD24  
STOREVIK IT AS  
SUBSHORE.NO AS  
SUNNHORDLAND BIL AS  
SUNNHORDLAND EIENDOMSINVEST AS  
SUNNHORDLAND KRAFTLAG AS  
SUNNHORDLAND LUFTHAMN AS  
SUNNHORDLAND MUSEUM  
SUNNHORDLAND TRAFIKKOPPLÆRING AS  
TADA  
TECA  
TESS  
TIDE BUSS AS  
TVEIT REGNSKAP AS  
TYSNES SPAREBANK  
URT & UGRAS AS  
VABAKKJEN EIGEDOM  
VALVATNE-GRUPPA  
VARMTHUS HANS INGVAR ROMSLOE  
VELVÆRETUNET AS  
VESTBO  
VEST LYDSERVICE AS  
VIEW LEDGER AS  
VAAGAVATN  
WÄRTSILÄ NORWAY AS  
WINNTECH AS  
YTRE SUNNHORDLAND OPPLÆRINGSKONTOR  
YSST HMS  
ZENIT ENGINEERING AS  
ZPIRIT AS  
ÅTGAUM AS

# Hovudsamarbeids- partnarane



[www.akersolutions.com](http://www.akersolutions.com)

Aker Solutions sitt verft på Stord hadde stor aktivitet gjennom heile 2022. Njord A gjekk på sjøprøvar på våren, etter fleire år med omfattande oppgraderingar. Aker Solutions vart deretter med i havet for å assistere med oppkoblinga på felt. Det største prosjektet i 2022 var Johan Castberg, som i byrjinga av året gjekk over frå modulfabrikasjon til installasjonsfase på det store FPSO-skroget. Det var også ei rekkje andre prosjekt som hadde stor aktivitet i løpet av året. Hywind Tampen-prosjektet ferdigstilte støypearbeidet på Dommersnes, og vindmøllene vart deretter slept til Gulen for montering

av turbinane og deretter vidare ut på felt. Det var i tillegg aktivitet med bygging av nytt MEG-tog til landanlegget på Kollsnes, og modular til elektrifiseringsprosjektet Troll Vest og CO2-fangstprosjektet Northern Lights.

På forsommaren gjekk Pioneering Spirit nærast i skytteltrafikk mellom Nordsjøen og Eldøyane, og leverte totalt 56.000 tonn med utrangerte olje- og gassstrukturar som skal takast frå kvarandre og resirkulerast på demoleringsanlegget på Eldøyane. Aker Solutions har i tillegg stor aktivitet på offshore vind, og jobbar

med prosjektering og bygging av totalt tre HVDC-plattformer, kvar på om lag 10.000 tonn. Dei skal ferdigstillast på verftet på Stord, og den første er venta å komma i andre halvdel av 2023. Like før jul signerte Aker Solutions kontraktar med Aker BP for totalt 50 milliardar kroner, kor av ein stor del av det – som Hugin A-plattformen og Valhall PWP – skal gjennomførast på Stord. Det vart også initiert omfattande forbetnings- og oppgraderingsarbeid på verftet, inkludert fylling av tørrdokken og bygging av hallar og nye kompetansefasilitetar.

## RENEVO

[www.renevo.no](http://www.renevo.no)

RENEVO har siden 2016 levert naturgass til husholdningar, offentlige bygg og lokalt næringsliv via rørrnett på Stord, parallelt som det har blitt bygd et biogassanlegg på Eldøyane.

Den 28.mai var det offisiell åpning av RENEVO sitt biogassanlegg på Stord ved Statsminister Jonas Gahr Støre. Biogassanlegget var i full drift fra juni 2022. Ved full produksjon utgjør dette produksjon av 60 GWh biogass til transport og oppvarming, i tillegg til biogjødsel og bio-CO2. RENEVO arbeider med omstilling til grønn energi, og har en ambisiøs målsetning om å bygge ti produksjonsanlegg langs kysten de kommende årene. Våre produksjonsanlegg kombinerer det ypperste av prosess- og

digitalteknologi og representerer det mest avanserte og bærekraftige innen produksjon av disse produktene.

I tillegg til å være i front på teknologi, rendyrker vi den sirkulære bioøkonomien der avfallsstrømmer fra andre næringer nyttiggjøres som en verdifull ressurs. Samtidig som vi effektivt trekker utslipp fra flere verdikjeder. Gjennom dette kan vi med fordel for klima og miljø muliggjøre et totalt utslippsregnskap som er langt lavere null. Dette kommer til syne basert på beregningsprinsippene i bransjenorm for biogass som ble lansert av Klimadirektoratet i 2019, der RENEVO sitt biogassanlegg på Stord kan vise til en utslippsprofil på hele -143%.

Eierskapet i RENEVO representerer en unik og solid kombinasjon av industriellkraft og gründerskap. Ikke minst en solid merittliste med utvikling av industrielle/teknologiselskaper innen flere bransjer som energi, leverandorindustri, telekom og elektro. RENEVO har som visjon å bli en ledende leverandør av alternativ energi, og arbeider etter misjonen om å lede utvikling av tilbudet innen miljøvennlige og alternative energiformer i samspill med næringsliv og offentlige kunder.

RENEVO er godt i gang med bygging av Biogassanlegg i Etne kommune. Anlegget i Etne vert dobbelt så stort som på Stord, og skal ved full drift produsere 115 GWh.

Sparebanken Vest er ein frittstående sparebank med røter tilbake til 1823. Banken er landets nest eldste bank, og i dag er Sparebanken Vest den tredje største sparebanken i landet. Banken er 60 prosent samfunnsseigd og 40 prosent eigd av private eigarar gjennom eigenkapitalbevis på Oslo Børs. Hovudkontoret ligg i Bergen, og banken yter tenester i personmarknaden, næringsliv og offentleg sektor i Vestland, Rogaland og Møre og Romsdal. Sparebanken Vest har 35 kontor - frå Ålesund i nord til Jæren i sør med meir enn 600 medarbeidarar. Forretningsideen til banken er todelt, basert på bankdrift, men òg på samfunnsengasjement.

Visjonen til Sparebanken Vest er at alt dei gjer, gjer dei for å bidra til at livet på Vestlandet skal verte enno litt betre. Utanom tradisjonell finansiering, engasjerer banken seg på ei rekke områder.

Eksempel på dette er at banken er initiativtakar og støttespelar i ei rekke klyngjesamarbeid, finansiell støttespelar til studieprogrammet brytningstid på NHH, arrangør av Vestlandskonferansen som er ein møteplass for vestlandsbedrifter, samt at me tilbyr eit profesjonelt tilbod til start-up selskap på Vestlandet.

Dei siste 10 åra har banken delt ut over 2,1 milliard kroner av overskotet til allmennyttige føremål

på Vestlandet.

Banken støttar ei rekke lag, organisasjonar, arrangement, festivalar, klyngjesamarbeid, næringsforeiningar og andre foreiningar i lokalsamfunna på Vestlandet – mellom anna gjennom stiftingane Sparebankstiftelsen Sparebanken Vest og Agenda Vestlandet.

Sparebanken Vest har også delt ut kundeutbytte til kundane i tre år. Kundane har fått utbetalt til saman over ein milliard kroner i kundeutbytte til no.

Saman gjer vi det betre.



Året 2022 ble nok et godt år for Haugaland Kraft konsernet, hovedsakelig på grunn av vårt eierskap i produksjonsselskapet Sunnhordland Kraftlag (SKL). I vårt prisområde (NO2) oversteg gjennomsnittsprisen på strøm 2 kroner per kilowatttime. Dette er nesten tre ganger høyere enn i 2021, som også var et år preget av rekordhøye strømpriser. Det gode resultatet har et dystert bakteppe, med Russlands krig i Ukraina som den viktigste prisdriveren. Regionen vår er i kraftig vekst og strømforbruket er ventet å øke markant fram mot 2040, som følge av ny industri og elektrifisering. For å løse dagens energiutfordringer må vi tenke langsiktig og handle raskt. Kraftproduksjonen må betydelig opp i løpet av de neste årene dersom vi skal klare å temme prisveksten. Haugaland Kraft er sitt ansvar bevisst og investerer allerede stort, både i energiproduksjon, energieffektivisering og nettutbygging.

Vi jobber iherdig med tiltak som kan bidra til å dempe folks strømutfgifter ytterligere. På kort sikt handler det om å hjelpe kundene våre med å kontrollere og redusere eget forbruk, bruke

strømmen smartere og produsere strøm selv. Til dette formålet utvikler vi stadig nye smarte digitale produkter og tjenester som kundeappen Mitt Hjem, Kraftplugg, smart elbillading og Solkraft med Skybatteri. Det handler også om å informere sentrale myndigheter om hvordan våre kunder rammes av høye strømpriser og hvorvidt bedriftskundene ivaretas av offentlige tiltakspakker.

Haugaland Kraft er opptatt av å ta samfunnsansvar i krevende tider. I 2022 ga vi seks millioner til vanskeligstilte innbyggere i regionen. Fordelingen av midlene ble gjort i samarbeid med frivillighetsentralene og frivilligkoordinatorer i kommunene, med det formål å hjelpe trengende i sommerferien og julehøytiden. Norsk folkehjelp på Stord, Suldal IL, Blå Kors Åkra og Haugesund Røde Kors var noen av organisasjonene som fikk utbetalt støtte.

Beretningene fra et krigsherjet Ukraina gjorde inntrykk på mange av våre ansatte og resulterte i en intern dugnad med en overveldende giverglede. Mens Fagne donerte en lastebil som er spesialutstyrt for linjearbeid og to store aggregater, fylte ansatte en hel busslast

med varme klær, soveposer og teknisk utstyr. Initiativet fikk bred medieomtale og hadde smitteeffekt på andre aktører i bransjen. Stillestand er tilbakegang, sier det. Bedrifter som vil lykkes, må endre seg i takt med omgivelsene, forutse morgendagens muligheter og ta del i den teknologiske utviklingen. 2022 var opptakten til en ny fase i Haugaland Kraft. Med det grønne skiftet som pådriver, satser vi nå mot en ny horisont. Nye fornybare energikilder og fremoverlent teknologi er sentrale stikkord. Konsernet Haugaland Kraft består av et morselskap og 4 heleide datterselskaper; Fagne AS, Haugaland Kraft Fiber AS, Haugaland Kraft Energi AS og Endra Solenergi AS. I tillegg er vi majoritetseier i Sunnhordland Kraftlag AS og Afiber AS. Hovedkontoret ligger i Haugesund med avdelinger i/ på Odda, Fitjar, Sand, Sauda, Stord, Sæbøvik og Ølen/Skånøvik. Hovedvirksomhetene er produksjon, overføring og omsetning av elektrisk kraft, samt utbygging/drift av fibernettverk.

Konsernet har om lag 500 ansatte. Vår visjon er: "Vi gir kraft til sterke og bærekraftige lokalsamfunn".

# Ny dagleg leiar

Torbjørn Brosvik kjem frå Statens vegvesen som Seksjonsleiar Trafikant vest i nasjonal leiargruppe. Han er utdanna Siviløkonom/Master i økonomi og administrasjon med fordjuping i strategi og leiing.

Torbjørn er familiemann og bur på Stord med kone og tre born.



## Framtid

**Det er stor aktivitet i næringslivet, og mykje av det er knytt opp mot den høge aktiviteten på verftet til Aker Solutions.**

Dette gjev stor ringverknader for arbeidsplassar i underskogen av leverandørar av varer og tenester. Mykje er knytt opp mot olje- og gass, men ordreporteføljen i den fornybare marknaden veks, noko som tyder på kor viktig kompetansen i industrien vår er for det grønne skiftet.

For tida er den største utfordringa å henta nok kvalifisert arbeidskraft til dei

fleste bransjar. Andelen over 65 auka med 22%, og utfordrar til å tenkje nytt i forhold til rekruttering, organisering og det å vere attraktiv som kommune og region.

Styret ser det regionale samarbeidet som særskilt viktig, og meiner eit tettare, meir forpliktande samarbeid om næringsutvikling og planarbeid vil gjer kvar kommune sterkare. Her vil Stord

kommune ha eit særleg ansvar som regionsenter.

Den 2. mai er ny dagleg leiar, Torbjørn Brosvik, på plass i Stord Næringsråd.

Styret takkar Anne-Grete Sandtorv for arbeidet gjennom 15 år som dagleg leiar, og ynskjer ny dagleg leiar velkommen på jobb!



K3 av Kunnskapshuset skal stå ferdig våren 2023.

**Stord, den 8. mars 2023**

## Styret i Stord Næringsråd

**Einar Almås**  
Styreleiar

**Kristine Aarsand Engelsen**  
Nestleiar

**Nina Lovise Langeland**  
Styremedlem

**Øystein Kvalvik**  
Styremedlem

**Ingvild Brekke Myhre**  
Styremedlem

**Odd Naustdal**  
Styremedlem

**Randi Beathe Hovland**  
Styremedlem

# Resultatregnskap

Tittel	Note	2022	2021
<b>Driftsinntekter og driftskostnader</b>			
Driftsinntekter			
Salgsinntekt		1 847 420	1 765 373
Annen driftsinntekt		15 000	115 000
<b>Sum driftsinntekter</b>		<b>1 862 420</b>	<b>1 880 373</b>
Driftskostnader			
Varekostnad		357 868	497 318
Lønnskostnad	1	1 049 933	1 012 440
Annen driftskostnad	2	442 195	207 070
<b>Sum driftskostnader</b>		<b>1 849 996</b>	<b>1 716 828</b>
<b>Driftsresultat</b>		<b>12 424</b>	<b>163 545</b>
<b>Finansinntekter og finanskostnader</b>			
Finansinntekter			
Annen renteinntekt		350	490
Annen finansinntekt		751	1 089
<b>Sum finansinntekter</b>		<b>1 101</b>	<b>1 579</b>
Finanskostnader			
Annen rentekostnad		500	500
<b>Sum finanskostnader</b>		<b>500</b>	<b>500</b>
Netto finansposter		601	1 079
<b>Ordinært resultat</b>		<b>13 025</b>	<b>164 624</b>
<b>Årsresultat</b>		<b>13 025</b>	<b>164 624</b>
Overføringer og disponeringer			
Overføringer annen egenkapital	3	13 025	164 624
<b>Sum overføringer og disp.</b>		<b>13 025</b>	<b>164 624</b>

**Stord, 8. mars 2023**

  
**Einar Almås**  
 Styreleiarr


  
**Nina Lovise Langeland**  
 Styremedlem

  
**Øystein Kvalvik**  
 Styremedlem

  
**Odd Naustdal**  
 Styremedlem

# Balanse

Eiendeler	Note	2022	2021
<b>Anleggsmidler</b>			
Finansielle anleggsmidler			
Investeringer i aksjer og andeler	4	50 000	50 000
Sum finansielle anleggsmidler		50 000	50 000
Sum anleggsmidler		50 000	50 000
<b>Omløpsmidler</b>			
Fordringer			
Kundefordringer	5	1 695	184 250
Andre kortsiktige fordringer		32 440	5 764
Sum fordringer		34 135	190 014
Bankinnskudd, kontanter o.l.		529 315	259 078
Sum omløpsmidler		563 450	449 091
Sum eiendeler		613 450	499 091
<b>Egenkapital og gjeld</b>			
Egenkapital			
Opptjent egenkapital			
Opptjent egenkapital	3	306 963	142 340
Årets resultat	3	13 025	164 624
Sum opptjent egenkapital		319 988	306 963
Sum egenkapital		319 988	306 963
<b>Gjeld</b>			
Kortsiktig gjeld			
Leverandørgjeld		100 126	2 730
Skyldig offentlige avgifter		64 685	58 941
Annen kortsiktig gjeld		128 651	130 457
Sum kortsiktig gjeld		293 462	192 128
Sum gjeld		293 462	192 128
Sum egenkapital og gjeld		613 450	499 091

  
**Kristine Aarsand Engelsen**  
 Nestleiar

  
**Ingvild Brekke Myhre**  
 Styremedlem

  
**Randi Beate Hovland**  
 Styremedlem

  
**Anne-Grete Sandtorv**  
 Daglig leder

# Noter til rekneskap (forrige side)

## Rekneskapsprinsipp

Årsregnskapet, som er utarbeidet av selskapets styre og ledelse, og må leses i sammenheng med årsberetningen og revisjonsberetningen.

## Regnskapslov

Årsregnskapet består av resultatregnskap, balanse og noteopplysninger, og er avlagt i samsvar med regnskapslov og god regnskapsskikk i Norge for små foretak

## Regnskapsprinsipper

Årsregnskapet er basert på de grunnleggende prinsipper og klassifiseringen gjeld følger regnskapslovens definisjoner. Ved anvendelse av regnskapsprinsipper og presentasjon

av transaksjoner og andre forhold, legges det vekt på økonomiske realiteter, ikke bare juridisk form.

## Inntektsførings- og kostnadsføringstidspunkt - sammenstilling

Inntekt resultatføres som hovedregel når den er opptjent. Utgifter sammenstilles med og kostnadsføres samtidig med de inntekter utgiftene kan henføres til. Utgifter som ikke kan henføres direkte til inntekter, kostnadsføres når de påløper.

## Fordringer

Fordringer er oppført til pålydende med fradrag for forventede tap.

## Note 1

### Lønnskostnad

Selskapet har hatt 1 årsverk i regnskapsåret.

## Note 2

### Spesifikasjon av andre driftskostnader

	2022	2021
Leie lokaler/renhold/felleskostnader	70 974	68 176
Leie datasystemer	55 321	13 741
Regnskapshonorar	57 426	47 622
Revisjon	8 251	8 370
Kontorekv./aviser/møter	45 982	32 210
Reisekostnader	20 264	7 588
Reklame/kontingenter/ representasjon/styremøter	178 128	25 143
Andre driftskostnader	5 853	4 223
<b>Sum driftskostnader</b>	<b>442 199</b>	<b>207 073</b>

## Note 3

### Egenkapital

Egenkapital 01.01.2022	306 963,-
Årets endring i egenkapital - årets resultat	13 025,-
Egenkapital pr. 31.12.2022	319 988,-

## Note 4

### Investeringer i aksjer og andeler

Aksjer i andre foretak	Anskaffelseskost
Anleggsmidler	
Athens AS	20 000
Hordfast AS	20 000
Sunnfast AS	10 000
<b>Sum</b>	<b>50 000</b>

## Note 5

### Kundefordringer

Kundefordringer er vurdert til pålydende. Det er avsatt 2.000 til tap på fordringer.